



Ordning for Dåp i eiga gudsteneste

Vedteke av Kyrkjemøtet 2017

- 1 Før gudstenesta startar, tek dåpsfølgjet plass i kyrkja.
- 2 Under ledd 1 Preludium kan det vera prosesjon. Dersom ein bruker prosesjonskross, skal han alltid berast fremst i prosesjonen. Deretter kan ein bera dåpskanna, som blir sett på plass i døypefonten. Ein frå kvart dåpsfølgje kan vera saman med den/dei som ber born.
- 3 Prosesjonen og inngangssalmen kan eventuelt kombinerast. På same vis kan forsamlinga eventuelt gå ut i prosesjon under postludiet.
- 4 Ved dåpshandlinga nemner ein berre fornamnet til barnet (utan mellomnamn eller slektsnamn), men det fulle namnet blir teke med under ledd 3 Inngangsord.
- 5 Liturgen ber stola i kvitt eller i fargen for kyrkjeårstida.

I. Samling

1 | Preludium

Det blir spela eit preludium, normalt som forspel til inngangssalmen. Dåpskandidatane, både born som blir borne og dei som går sjølve, kjem inn i kyrkja i prosesjon under preludiet. Dei tek plass etter skikken på staden.

Kyrkjelyden reiser seg for å ta imot prosesjonen.

2 | Inngangssalme

Kyrkjelyden blir ståande under inngangssalmen.

3 | Inngangsord

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Kyrkjelyden set seg.

Her kan det kort seiast noko om gudstenesta som følgjer. Ein nemner dåpskandidatane med deira fulle namn.

Her kan følgja:

4 | Samlingsbøn

L | Lat oss be.

ANTEN **A**

L/ML | Heilage Gud, vi prisar deg for alt som lèt oss kjenna at du ergod. Takk for at du i dåpen knyter rike lovnader til vårt liv. Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss opne sinn, takksamehjarte og villige hender, så vi kan ta imot ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

ELLER **B**

L/ML | Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve: Takk for at du tek imot oss i dåpen og styrkjer oss i nattverdensmåltid. Lei oss ved ditt ord og gjer oss opne for det du vil gje oss.

ELLER **C**

A | Treeinige Gud, du som i dåpen har gjeve oss ein heim i di kyrkje og sett oss eit evig mål hos deg: Lei oss på dine vegar.

ELLER **D**

Ei anna høveleg samlingsbøn.

5 | Mottaking til dåp

Ved dåp av born:

L | Med takk og glede kjem vi i dag med dette barnet/ desse borna til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinaross med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Med takk og glede kjem vi i dag med NN/dykk til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss medden krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Her kan ein lesa følgjande skriftord:

L | For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå tapt, men ha evig liv. **JOH 3,16**

L | Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

Ein i dåpsfølgjet, ein annan medliturg eller liturgen les teksten:

ML/L | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. **MARK 10,13–16**

Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan eventuelt ein av dei følgjande tekstane koma i staden:

L | Høyr kva apostelen Paulus seier om dåpen:

ML/L | Det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elsker menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von. **TIT 3,4–7**

ELLER

L | Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen:

ML/L | Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.» Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.» Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?» Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» **JOH 3,1–5**

L | Høyr kva apostelen Paulus seier om dåpen:

ML/L | Veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans. Vi veit at vårt gamle menneske vart krossfest med han, for at den kroppen som er underlagd synda, skulle gjerast til inkjes og vi ikkje lenger skulle vera slavar under synda. For synda har ikkje lenger nokon rett over den som er død. Men er vi døde med Kristus, trur vi at vi òg skal leva med han. **ROM 6,3–8**

L | Lat oss takka og be:

L | Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for NN/NN (fornamn) som i dag skalbli døypt/døypte. Ho/Han/Dei er dyrebar(e)i dine auge. Ver hos henne/han/dei med din kjærleik og gje henne/han/dei ein heim i di kyrkje. Amen.

II. Ordet

6 | Skriftlesing

L | Lat oss høyra Herrens ord.

Ein les éin eller to av dei følgjande tekstane, eventuelt éin eller to av tekstane for søndagen frå Tekstbok for Den norske kyrkja.

Tekstane kan gjerne lesast av ein frå dåpsfølget eller av ein annan medliturg.

L | Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen. Slik står det skrive i evangeliet etter Johannes, kapittel 3:

ML/L | Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.» Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.» Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bliføddandre gongen?» Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» **JOH 3,1–5**

ELLER

L | Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til Titus:

ML/L | Det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elsker menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von.

TIT 3,4–7

ELLER

L | Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til kyrkjelyden i Rom: **ML/L** | Veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans. **ROM 6,3–5**

ELLER

L | Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til kyrkjelyden i Galatia: **ML/L** De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus. For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus. **GAL 3,26–28**

ELLER

L | Apostelen Paulus vitnar om det vi som døypte eig i trua. Slik står det skrive i brevet til kyrkjelyden i Rom:

ML/L | Kven kan skilja oss frå Kristi kjærleik? Naud eller angst eller forfølging eller svolt, å stå naken eller i fare eller framfor sverd? For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Gudskjærleik i Kristus Jesus, vår Herre. **ROM 8,35.38–39**

Andre tekstframlegg:

Sal 8,4–6.10; Sal 139,13–16; Matt 3,13–17; Mark 9,33–37; Joh 3,5–8;
Apg 2,37–41, Apg 8,36–38; Ef 3,14–21; 1 Joh 3,1–2

Tekstlesinga kan avsluttast med:

Slik lyder Herrens ord.

7 | Dåpssalme

Dåpssalmen kan eventuelt delast, slik at nokre vers blir sungne før og nokre vers etter preika.

8 | Preike

Liturgen held ei kort preike knytt til teksten/tekstane som er lesne.

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og blir éin sann Gud frå æve og til æve.

III. Forbøn

Forbøn kan utelatast i denne ordninga.

9 | Forbøn i kyrkjelyden

Etter bønledda kjem eit kyrkjelydssvar.

L | Lat oss takka og be:

ANTEN

ML/L | Far i himmelen: Takk for at du skapte oss,
og takk for at du skapte jorda der vi bur.
Takk for at du kjenner oss og elsker oss.
Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og på alt det du har skapt.

K | Herre, høyr vår bøn.

ML/L | Kjære Jesus:

Du har sigra over døden og det vonde.
Du er vår ven og vil vera med oss alle dagar.
Takk for at vi får vera trygge hos deg.
Ver hos alle som er einsame og redde.
Lær oss å vera til stades for kvarandre.
Hjelp oss å kjempa mot undertrykking og urett.

K | **Herre, høyr vår bøn.**

ML/L | Gode Heilage ande:

Du viser oss vegen vi skal gå.
Gjev oss vilje og kraft til å gå denne vegen.
Gjev oss visdom og styrke så vi kan stå saman.
Du har kalla oss til å vera di kyrkje.
Kom til oss med dine gåver
og hjelp oss til å vera lys og salt i verda.

K | **Herre, høyr vår bøn.**

ELLER

Ei anna høveleg forbøn, gjerne lokalt utforma.

IV. Dåp

10 | Dåpsbefalinga

L | Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

Ein i dåpsfølget, ein annan medliturg eller liturgen les teksten:

ML/L | Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. **MATT 28,18–20**

11 | Fadderansvaret

Ved dåp av born:

L | Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal veravitne om at dette barnet/desseborna er døypt/ døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for henne/han/dei, be for henne/han/dei, læra henne sjølv/ han sjølv/ dei sjølve å be og hjelpa henne/han/dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ho/han/dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Ved dåp av større born, ungdom eller vaksne:

L | Vil (foreldre og) fadrar reisa seg.

De er vitne om at NN/desse er døypt/døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for henne/han/dei, be for henne/han/dei, og hjelpa henne/han/dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ho/han/dei kan leva og veksa i den kristne trua.

12 | Forsakinga og trua

Ved dåp av born:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til:

Alle reiser seg.

Ved dåp av større born/ungdom/vaksne:

L | Vil du/de saman med denne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua som vi blir døypte til?

Dåpskandidaten | Ja.

Dåpskandidaten kan om nødvendig her og ved dåpshandlinga gje stadfestande svar på andre måtar enn med verbalt språk.

Dei som sjølve kan svara på spørsmålet, blir først spurde. Når alle har svara, seier liturgen:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua.

Alle reiser seg.

A | **Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.**

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord.

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen. DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA**

13 | Dåpshandlinga

Ein heller vatnet i døypefonten.

L | Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du tilgjev vår synd, frelser oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så ho/han/dei som blir døypt/døypte, blir reist/reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

Mellom kvar dåp kan ein syngja eit vers frå ein høveleg salme. Dåpsfølgjet går fram til døypefonten.

Ved dåp av born:

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.

L | Vil de at NN skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra / dei føresette og fadrane svarar:

Ja.

Ved dåp av større born, ungdom eller vaksne:

L | Kva heiter du?

Den som skal døypast, svarar sjølv ved å seia fornamnet sitt.

L | NN, vil du bli døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og leva i den kristne forsakinga og trua?

Den som skal døypast, svarar:

Ja.

Liturgen vender seg mot andletet til barnet/dåpskandidaten og bed bønna med open handflate.

L | Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✠ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

L | NN, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger.

Liturgen legg, gjerne saman med fadrane, handa på hovudet til den døypte og seier:

L | Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet. Fred vere med deg.

Ein vender barnet mot kyrkjelyden og kan lyfta det opp. Større born, unge eller vaksne vender seg mot kyrkjelyden. Ein seier følgjande ord:

L | Dette er NN, Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

Etter kvar dåp og presentasjon kan ein tenna eit lys. Liturgen kan seia:

L | Eit lys er tent for NN.

Lysa set ein i ein lyshaldar.

Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

L | Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» **JOH 8,12**

14 | Bøn og lovprising

L | Lat oss takka og be.

ANTEN A

ML/L | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen,
der du tek imot oss og kallar oss med namn.
Vi bedfor NN/borna/dei som er døypt/døyppte idag.
Ver med henne/han/deigjennomlivet
og vara henne/han/dei i dåpensnåde.
Styrk foreldra og fadrane i oppgåva dei har fått.
Gud, høyr vår bøn.

ELLER B

ML/L | Trufaste Gud,
Vi takkar deg for dåpen,
der du tek oss inn i di kyrkje.
Vi bedfor NN/borna/dei som er døypt/døyppte idag.
Hald di vernande hand over henne/han/dei,
og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for henne/han/dei.
Gud, høyr vår bøn.

ELLER C

ML/L | Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen,
og for lovnaden om at Jesus er med oss alle våre dagar.
Vi bed for NN/dei som er døypt/døyppte i dag.
Vara henne/han/dei i trua på deg,
så ho/han/dei kan vandra i lyset
og nå det evige målet i ditt rike.
Gud, høyr vår bøn.

Fadervår blir sagt fram. Dersom det skal feirast nattverd i dåpsgudstenesta, kan Fadervår falla bort her.

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss:

A | **Vår Far i himmelen.**
Lat namnet ditt helgast.

**Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.**

Det er også høve til å bruka Fadervår etter 1977-liturgien.

L | Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! **1 PET 1,3**

Dersom det skal feirast nattverd i dåpsgudstenesta, har nattverden sin plass her.

15 | Musikk

Her kan det framførast høveleg song eller instrumentalmusikk ved deltakarar i dåpsfølgjet eller andre.

V. Sending

16 | Utgangssalme

Kyrkjelyden står under salmen og velsigninga.

17 | Velsigninga

Ein les eller syng velsigninga.

Velsigninga kan takast imot ved at den einskilde gjer krossteiknet.

Innleiing til velsigninga kan vera slik:

L/ML syng | Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

ELLER

L seier | Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Dersom velsigninga blir messa, syng kyrkjelyden:

K | Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag.

18 | **Utsending**

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under postludiet, kan utsendingsordet seiast etter postludiet.

ANTEN

L | Gå i fred.

ELLER

L | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Ein kan velje eit anna utsendingsord som høver til særpreget for dagen.

19 | **Postludium**

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til fotografering, eventuelt lystenning og still bøn.